



KASJMIRNYTT NR 5 2016.

Vi minner om årsmøtehelg 3. - 5. februar 2017 på Oset, Golsfjellet. Vi held oss til standard opplegg med frammøte fredag kveld, fagdag laurdag og årsmøte søndag. Program er under utarbeiding, ser nett no slik ut:

Kasjmirulla: Råvara, spinninga og omsetnaden. Vi ynskjer at fleire tek vare på ulla, og her er fleire utfordringar for å oppnå eit prima produkt.

Avlsarbeid: Tema har vore teke opp fleire gonger tidlegare, utan å gje praktiske resultat. Vi prøver ein ny vri denne gongen, og presenterer korleis andre små raselag løyser dette.

Det vert og sett av tid til anna aktuelt stoff:

Mattilsynet har ansvar for utforming av fleire forskrifter som vi kasjmirbønder må retta oss etter.

Innan dyrevelferd er det diskusjon om kastrering skal vera lovleg eller ikkje. Innan dyrehelse (4 år gammal!) kan det koma større soner for livdyrhandel. Strengare tolking av forskrifter gjer det no veldig vanskeleg å få løyve til å henta naudsynte livdyr / avlsdyr frå andre fylke.

Men heilt konsekvente er dei ikkje; 23 kystgeiter frå Vestlandskysten har no fått lovleg opphald i Oslo-byen!

Meir info om program, påmelding m.m. vert utsend tidleg i januar.



Vi ynskjer alle medlemmar ei fredfylt jul og eit godt nytt år!

På vegne av styret i Norsk Kasjmirlag, Jostein Kvåle

